

## Møtereferat

<b>Møte nr. 6 i:</b> <b>Førebuande fellesnemnd (FF)</b>	<b>Dato:</b> 16.06.2017	<b>Tid:</b> Kl. 09.00 – 11.20
<b>Møteleiar:</b> Ordfører i Fjell kommune, Marianne Sandahl Bjørøy (AP).	<b>Stad:</b> Kultursalen i Fjell rådhus	
<b>Medlemer som møtte:</b> <u>Fjell kommune:</u> Egil Haaland (AP), Hilde Lohmann Sandal (AP), Tom Georg Indrevik (H), Odd Bjarne Skogestad (KrF), vara Karsten Sprenger (H), vara Daniel Victor Sandvik (FrP), vara Elna Nybakk (SL); medlem Ernst M. Einarsen (H) kom til sak 33/17 klokka 10.15.  <u>Øygarden kommune:</u> Børge Haugetun (TVØ), Silvia Haugland (TVØ), Espen Harkestad (AP), Ingrid Toft (H).  <u>Sund kommune:</u> Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), May Elin Limevåg (FrP), Jogeir Sognæs (AP), Kjell Arve Vorland (SP).  <b>Tillitsvalte med observatørstatus, tale- og forslagsrett:</b> Trude Erstad Villanger (HVO Fjell), Hildegunn Høyland (Fagforbundet), Vibecke Hodnekvam (Utdanningsforbundet).	<b>Forfall:</b> Ernst M. Einarsen (H) – meldt forfall frå møtestart til klokka 10.15, vara Karsten Sprenger (H). Anita Garlid Johannesen (FrP) – vara Daniel Victor Sandvik (FrP). Svein Bergh (SL) – vara Elna Nybakk (SL).	
<b>Andre:</b> Koordinator for førebuande fellesnemnd Lillian Torsvik, rådmann Siri Fahlvik Pettersen i Øygarden, seniorrådgjevar Willy Sørensen, økonomisjef i Fjell kommune Svend-Fredrik Untiedt.		
<b>Referent:</b> Unni Rygg		

Saksnr	Sakstittel
29/17	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>  Innkalling og saksliste vart godkjente utan merknader.
30/17	<b>Godkjenning av referat frå førre møte 24.04.2017</b>  Referat frå førre møte, 24.04.2017, vart godkjent utan merknad.

31/17	<p><b>Presentasjon av gjennomført kartlegging pensjonsordningar v/ økonomisjef i Fjell kommune, Svend-Fredrik Untiedt</b></p> <p>Untiedt informerte om resultatet frå kartlegginga av dei ulike pensjonsordningane i dei tre kommunane. Fjell, Sund og Øygarden har alle ordningar med tenestepensjon for dei tilsette basert på ytelsespensjon. Fjell har ei eiga kommunal pensjonskasse, medan Sund og Øygarden har kommunal landspensjonskasse (KLP) som tenesteleverandør. Kartlegginga viser at om vår nye kommune vel ei eiga kommunal pensjonskasse som løysing så vil Sund og Øygarden sin selskapsbuffer frå KLP gå tapt. Spørsmålet blir om den nye kommunen skal bruke KLP som pensjonsleverandør, eller oppretthalde Fjell kommunale pensjonskasse som pensjonsordning i den nye kommunen. Untiedt avslutta med at det er vesentleg med god dialog og kommunikasjon, ei felles forståing, når det skal veljast pensjonsleverandør. Etter presentasjonen vart det stilt spørsmål om faktorar som kan spele inn på val av pensjonsløysing som t.d. høgriisiko-profil og alderssamansetjing blant dei tilsette.</p> <p>Det kom følgjande <u>fellesmerknad</u> frå organisasjonane i Fjell, Øygarden og Sund v/ tillitsvalte Hildegunn Høyland:</p> <p>Organisasjonane er opptekne av at det vert lagt vekt på rett prosess ved vurdering og val av pensjonsselskap/pensjonskasse for den nye kommunen.</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. God prosess og nok tid til å skaffe grunnlag nok til å gjennomføre val av pensjonsleverandør/pensjonskasse.</li><li>2. Gjennomføre drøftingar i kvar kommune der alle organisasjonane er innkalla, i forhold til HA del B §3.</li><li>3. Tid til høyring.</li></ol>
32/17	<p><b>Tilsetjing av prosjektleiar</b></p> <p>Marianne Sandahl Bjorøy, Kari-Anne Landro og Børge Haugetun informerte om prosessen med å tilsetje ein prosjektleiar som får administrativt ansvar for å gjennomføre etablering av den nye kommunen.</p> <p>Tilsetjingsutvalet var samrøystes i si tilråding; Førebuande fellesnemnd tilbyr <b>Paul Jostein Manger</b> stillinga som prosjektleiar for etablering av «Nye Øygarden kommune».</p> <p>Tilrådinga vart <i>samrøystes vedteken</i> i Førebuande fellesnemnd.</p> <p>Paul Jostein Manger er invitert til felles kommunestyremøte onsdag 21.juni, på Panorama hotell. Manger kan ta til i stillinga som prosjektleiar frå 1.september 2017, og den formelle fellesnemnda vil ha sitt fyrste møte kort tid etter.</p>
33/17	<p><b>Felles kommunestyremøte 21. juni etter innkalling frå Fylkesmannen og påfølgjande separate kommunestyremøte</b></p> <p>Ernst M. Einarsen (H) kom til møtet til behandlinga av denne saka, og vara Karsten</p>

	<p>Sprenger (H) forlot møtet.</p> <p>Marianne Sandahl Bjorøy informerte om <b>saksframlegg 1</b> – «Etablering av ny kommune – oppfølging av felles intensjonsavtale og Inndelingslova §§ 25 og 26», og las opp innstillinga i saka. Det kom følgjande merknader til innstillinga:</p> <p>Under innstillinga <u>punkt 1</u>) kom det kommentar frå Daniel Victor Sandvik (FrP) om at partiet hans vil fremje forslag til alternativt kommunenamn på møtet 21.juni.</p> <p>Under innstillinga <u>punkt 3</u>) må Fjell og Øygarden velje varamedlemer til fellesnemnda etter forholdstalsval / avtaleval. Det vart semje om at noverande varamedlemer kan fremjast som avtaleval, og at parti ved behov kan supplere med fleire varamedlemer, slik at det kan leggjast fram ei ferdig liste til felles kommunestyremøte 21.juni.</p> <p>Under innstillinga <u>punkt 7</u>) må tekst om kommunestyrerepresentantar som medlemer i utvala rettast opp. Fjell eldreråd har krav om at tre medlemer vert valte direkte frå kommunestyret, men det er ikkje krav om kommunestyrerepresentant.</p> <p>Hovudverneombod (HVO) Trude Erstad Villanger kom med merknad om at alle tre kommunane har eit arbeidsmiljøutval (AMU) i dag, og at Fellesnemnda kanskje bør oppretta eit eige AMU-utval knytt til etablering av den nye kommunen. Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til at Fellesnemnda kan oppretta eit AMU-utval ved behov, som følgje av innstillinga i punkt 7.</p> <p>Under innstillinga <u>punkt 8</u>) vart det kommentert frå tillitsvalt Vibecke Hodnekvam at valet av medlemer til utvalet skal skje etter kommunane si hovudavtale – og førebuande fellesnemnda vart samde om å stryke siste setning i punkt 8. Nytt punkt 8 vart då slik: <i>8. Det vert etablert eit Partssamansett utval i samsvar med §25 i Inndelingslova. Utvalet skal bestå av dei politisk valde medlemmane i Fellesnemnda, og til saman 6 tillitsvalde, - to frå kvar kommune.</i></p> <p>Under innstillinga <u>punkt 9</u>) vart det vist til at fellesnemnda si rolle i kommunevalet 2019 er eit nytt punkt som det er verdt å merke seg.</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy informerte deretter om <b>saksframlegg 2</b> – «Etablering av ny kommune - val av revisor for verksemda i Fellesnemnda», og las opp innstillinga i saka. Det var ingen merknader til innstillinga.</p>
34/17	<p><b>Gjennomført framtidseminar 15.05.17</b></p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy la opp til open evaluering av framtidseminaret 15.mai 2017, og det kom følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kanskje litt mange tema for eit dagseminar, avgrensning mengde tema neste gong</li> <li>• ynskjer å behalde strategisk vinkel – ikkje berre enkeltsaker</li> <li>• ynskjer seminar to gonger pr. år, med to tema pr. seminar</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• litt høgtsvevande – ynskjer meir jordnær tilnærming, anna perspektiv</li> <li>• seminaret famna vidt, med mange og ulike tema – kanskje for mange til å kunne absorbere</li> <li>• det er samstundes viktig å kunne løfte blikket og reflektere i ettertid, særskilt over transportløysingar</li> <li>• ynskjer færre tema, slik at det er mogleg å gå meir i djupna med t.d. gruppearbeid</li> <li>• sluttar seg til førre kommentar; viktig med tema som ein kan strekke seg etter og som ein ikkje er vant med i det daglege</li> <li>• ynskjer færre tema</li> <li>• seminaret skulle vere høgtflygande – var ein del av strategien</li> <li>• ynskjer innspel frå kommunar som har kome lengre i samanslåingsprosessen, t.d. kommunar i Danmark, eller Sandefjord kommune, på seinare seminar</li> <li>• kommentar om at Sandefjord kommune er pressa og for mykje brukt som eksempelkommune, men at kommunar i Danmark vil vere eit godt alternativ å få innspel frå</li> <li>• ynskjer meir erfaringsgrunnlag frå kommunar som har kome lengre i prosessen – med råd om kva ein ikkje bør gjere</li> <li>• ynskjer at seminara framover vert retta mot oppgåvene som fellesnemnda skal jobbe med</li> <li>• ynskjer dialog på framtidige seminar – rom for diskusjon</li> <li>• støtter oppmoding om å få innspel frå Danmark– anten ved at fellesnemnda inviterer eller drar på besøk til relevante danske kommunar, særskilt med tanke på å bruke biblioteket som servicetorgfunksjon</li> </ul> <p><u>Oppsummert:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ynskjer fleire seminar, men annleis bygd opp – meir konkret i høve til kommunesamanslåing</li> <li>• ynskjer færre tema som går meir i djupna og er knytt til oppgåvebehova</li> <li>• t.d. ein bolck med arbeids- og organisasjonspsykolog og professor Ståle Einarsen, der også tilsette vert invitert</li> <li>• rette seg mot Danmark når den formelle fellesnemnda er etablert</li> <li>• innbyggjarperspektivet er vesentleg for å skape engasjement om samanslåinga</li> </ul> <p>Det kom kommentarar frå <i>tillitsvalte</i> om at omstillingskompetanse for dei tilsette er mogleg tema for framtidseminar, at det vil vere riktig å sjå mot dei som har kome lengre i samanslåingsprosessen t.d. i Danmark, at alle som jobbar med samanslåinga bør inviterast med på slike seminar, og at alle fagområda bør jobbast med i samanslåingsprosessen.</p> <p>Ein vil koma attende til spørsmålet om fleire seminar og innhald i seminara, i Fellesnemnda.</p>
35/17	<p><b>Seminar 4 den 26. – 27. april på Scandic Bergen Airport, Flesland med tema: «Mål og visjoner for ny kommune – og gevinstrealisering i praksis»</b></p> <p>Silvia Haugland, Trude Erstad Villanger og Nils Kåre Skoge var til stades på seminar 4 for kommunar som skal slå seg saman, og informerte fellesnemnda om tema på seminaret –</p>

	<p>med vekt på innlegget til Micco Grønholm frå Helsingborg kommune:</p> <p><a href="https://www.youtube.com/watch?v=9MtaZdvwe8U">https://www.youtube.com/watch?v=9MtaZdvwe8U</a></p> <p><a href="http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/mal-og-visjoner-for-ny-kommune--og-gevinstrealisering-i-praksis/">http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/mal-og-visjoner-for-ny-kommune--og-gevinstrealisering-i-praksis/</a></p> <p>Digitalisering i arbeidslivet krev ein organisasjonskultur der tilsette tek ansvar og tør å prøve og feile, men samstundes lære av feila, for å utvikle seg sjølv og arbeidsmetodar for ein betre tenesteproduksjon. I arbeidet med å bygge ein ny og digital kommune er det viktig med medverknad, likeverd og nyskaping for å hente ut verdi av samanslåingsprosessen.</p>
<b>36/17</b>	<p><b>Oppsummering av Førebuande fellesnemnd sitt arbeid og avslutning</b></p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy takka for arbeidet i den Førebuande fellesnemnda, og særleg koordinator Lillian Torsvik som har hatt det administrative ansvaret.</p> <p>Bjorøy viste til at den formelle fellesnemnda vil starte møteverksemda si like etter at prosjektleiar Paul Jostein Manger er byrja i jobben.</p>
<b>37/17</b>	<p><b>Ymse</b></p> <p>Det var ingen spørsmål til ymseposten.</p>